

GUNNLEIK DYRDAL
Fonnlivegen 35
3864 RAULAND

Dato: 19.11.2025
Vår referanse: 2025/8470-2
Sakshandsamar: Thor Lars Christiansen

Delegert vedtak
Plan- og miljøutvalet - nr.

Vedtak - 154/13 - Søknad om kommunalt tilskot til landbruksføremål - godkjent nydyrking

Vedtak

Vinje kommune, næringskontoret gjev Gunnleik Dyrdal – i medhald av kommunalt regelverk for tilskot til landbruksføremål – tilsegn om tilskot kr 410 000,- for nydyrking på gnr. 154/13 som omsøkt. Det blir sett vilkår om arbeidsfrist den 30.11.2029. Sluttutbetaling skjer når arealet er tilsådd med frø eigna for grovfôr og oppmålt ved synfaring.

Det er eit vilkår om avstand på minst seks meter til Fundlibekken.

Bakgrunn

Gunnleik Dyrdal søker om kommunalt tilskot for nydyrking av 41 dekar til fulldyrka areal på sin eigedom gnr. 154/13 i Fundlid. Arealet er skog av middels bonitet, samt ei grunn myr på 11 dekar. Arealet er flatt og godt arrondert langs bygdevegen og mot eksisterande jordbrukslandskap.

Det er gjeve dispensasjon til nydyrking av myr i vedtak av plan – og miljøutvalet den 29.10.2025. Kommunen har vidare godkjent plan for nydyrking i vedtak 6.11.2025 – på vilkår av ein vegetasjonsone på seks meter til Fundlibekken:

Vinje kommune har i sine planar prioritert mellom anna landbruk som ei viktig næring. Nydyrking er ein viktig del av dette - og løyser ut kommunale tilskot. Større sammenhengende areal, flatt og godt arrondert gjev rasjonell drift - som samsvarar godt med denne søknaden. Tiltaket vil heve opplevinga av kulturlandskapet i området, gje ei driftsmessig god drift enten for søker eller dei som har trong for leigejord i området. Det er god tilkomst og arrondering - samt at auka jordbruksareal i grenda vil gje eit betre utnytting av husdyrgjødsel samt minske transportbehovet. Det er ikkje registret sårbare arter eller naturtyper i området.

Søknaden er i tråd med reglar for kommunalt tilskot til landbruket – der ein no i år kan gje kr 10 000,- pr da for nydyrking. For denne søknaden utgjer det kr 410 000,-. Sluttbetaling skjer etter synfaring når arealet er tilsådd og blitt oppmålt.

Dokument i saka

- 1 Søknadsskjema - nydyrking gnr. 154/13
- 2 Diverse kartutsnitt nydyrking Breimo
- 3 Kopi av søknad samt løyve til nydyrking i år 2000 - gnr. 154-13
- 4 Referat i frå synfaring på omsøkt dyrkingsfelt - 154/13
- 5 Uttale - Vinje - 154_13 - Fonnlivegen 35 - plan for nydyrking.pdf
- 6 Vedtak om nydyrking – 6.11.2025
- 7 Søknad om tilskot - 11.11.2025

Med helsing

Thor Lars Christiansen

*landbruksrådgjevar
Kultur, næring og fritid*

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
GUNNLEIK DYRDAL

Informasjon om retten til å klage

Jf. forvaltningslova § 28, kan du klage på vedtaket. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen då brevet kom fram til mottakar. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut.

Klaga sender du skriftleg til Vinje kommune. Skriv kva for vedtak det klagast over, den eller dei endringane som er ynskjeleg og dei årsaker du vil gje for klaga. Dersom du klager så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å gje opp dato då denne meldinga kom fram.